

## MINKAR VIDDA AV BRUKANDE ÅKERLAND I KYSTBYGDENE TRASS I STOR ÅRLEG NYDYR KING ?

Av landbrukslærer J. Byrkjeland.

**N**OKO av det ein hev gledt seg mest ved gjennom dei siste 20 år er den store nydyrkinga. Og ved sida av Nord-Noreg hev her Vestlandet gjenge i brodden.

Når nydyrkinga her vest var så kjærkomi, var det fyrst og fremst av den grunn at bruka her jamt over er så små i førevegen. Og kvart lite tillegg laut helsast velkome. At nye vidder vart omspadd og lagde under kultur kunne ikkje anna enn auka avkastinga, og dermed hjelpa huslydane til eit større eller mindre tilskot til leve-måte. Ikkje så få gardsbruk hev gjennom denne nydyrking vorte så store at dei kan greida seg utan å søkje utanom bruket etter arbeid. Og slik som framvoksteren på arbeidsmarknaden hev arta seg med murar ikring kvar einskild bygd var det ikkje mykje anna å gripa til enn nydyrking.

Før den som hev fylgt dette på nærare hold var det nok eit og anna ein laut undra seg over. Ja det måtte reisa seg tvil. Alt ved matrikuleringa i 1865 var det for kvart bruk sett opp eit spørsmål om kor store vidder det var av dyrkingsland. Før Hordalands vedkomande hev eg sett igjennom desse oppgåvene i mange herad. Men i alle tilfelle er dyrkingsviddene svært små. Ofte så små at det som seinare er dyrka kan vera 10—15 ganger så mykje. Det ein kan lesa ut av dette er at syn og skjøn på dyrkingsjord må ha endra seg svært mykje. Helst er det vel så at sjølve verdsetjingsgrunnlaget er vorte eit anna etter århundreskiftet enn det var før.

Føremålet med å dyrka jorda er å gjera jorda tenlegare for den grøda ho skal bera, men då må dyrkingsråd gjerdene retta seg etter kva grøda ein hev etla seg. Her vestpå skilde ein mellom åker og bø og småbø innangards. Skog og beite gjekk under eit, men det kunne vera slåtter utangards, oftast inngjerde, men dei kunne og liggja utan gjerde når det var oppi skogbandet.

Det var berre åkeren som var broten, og åkeren var å segja einast kornåker fram til poteta vart kjend. På Vestlandet, som hev 2—3 gonger så høg årsnedburd som Austlandet, laut åkeren årleg møkvast. Bøen var nok og dyrka på ein måte, men før 1850 visst berre sjeldan åkerbroten. Det som skulle verta bø vart berre skogrudt eller steinrudt og møkva så sant møkka rokk så langt. Slåtteryddjinga var sameleis, berre det at her vart det aldri møkva, men til vederlag kunne dei hegna slåttene med gjerde, så der vart lite og inkje beitt.

Før midten av 1700-talet var steinsatte veitar (gryteveitar) lite og inkje kjende. Derimot nytta dei åpne veitar, sers landveitar, ikkje så lite. På den vis kom all torvmyr til å liggja udyrka. Det var bakke-

marka (fastmarka) dei rekna noko på til mat- og fôravl. I dei indre bygdene i Hordaland er det mest bakkemark: elvesletter, israndøyrrar og marebakkar, her og kvar litt smuldringsjord. Men etter kvart som det ber utetter mot kysten minkar det med bakkemark og torvjorda vert rådande jordkynd. Elvesletter og israndøyrrar er det ikkje mykje av. Den fastmarksjord som er å finna er helst grunn smuldringsjord eller ei lita grunn flo med botsmorene. Men denne fastmarksjord er berre å finna i småteigar.

På desse småteigane låg dei gamle åkrene. Storleiken på desse held seg gjerne på under 1 mål og derikring.

Det ser ut til at det var ei nokså jamn nydyrking frå ikring 1750 og fram til utvandringa til Amerika tok til. Då vart det ein liten stans. Men ifrå 1890 tok nydyrkinga seg oppatt ikkje så lite. Noko av æra for dette hev Bergens Myrdyrkingsforening. Ho vart skipa i 1897 og gav beinveges tilskot til nydyrking av myr på det vilkåret at arbeidet vart gjort etter ein oppsett plan som vart utferda av fylkesagronomen. Denne forening heldt det gåande til staten tok opp den same framgangsmåten. Det syntse seg nå at ein etter kvart minka krava til dyrkingsjorda. Alt det som tidlegare var rydja til bø og ein heil del utmark attåt er sidan dyrka. Kunsten å veita vart nå kjend overalt, og gjorde det mogleg å dyrka myrane, som det var så mykje av. Dei hadde mellom anna den føremonen at dei var flatare enn jorda ikring. Dei er sjeldan svært store her i kystbygdene. Berre sjeldan er dei så store som ein 4—5 mål. Men likevel: Etter tilhøva var det gilde dyrkingsteigar. Nå kom og utskiftingane, så småteigane til kvart bruk vart samla i ein. Og dei fleste brukarar sette seg nå det målet å dyrka heile innmarksteigen samla, korleis han så såg ut.

Kystlandet her i Hordaland er mykje merkeleg av skaplund. Det som er dyrka gøymer seg ofte av mellom hump og hamar, mellom ryggjer og rantar so mskyt opp ait i eitt. Så lenge det er utmark er det lyngvakse, så sant det er aldri så lite jord ovanpå berget. Men titt er det snaue bergskoltar oppi dagen. Og då er det berre grå laven som skyler skarvet. Djupe jordbakkar er her mykje sjeldsynte, og grus finst det ikkje i dei ytre bygdene. Ja innan Nordhordland er det berre tvo bygder, Modalen og Masfjorden, som hev nok grus og sand til veger og betong. Må eg få nemna at av dei 55 herad i Hordaland er det knapt 20 som er sjølvberga med grus. Dei andre må kjøpa alt eller det meste vyrke til veggrus og betongstøyping. Dette er og eit drag i biletet av jordløysa her vest.

Når tilstandet er slik, vil ein skjøna at det som er dyrka gjennom dei siste mannsaldrar i desse bygder er så ring jord at ho aldri hadde vorte dyrka andre stader i landet.

Ved den eldre dyrking såg ein ikkje så mykje på korleis dei dyrka teigane var skapa, så ein skar seg inn i kross og krok etter som jordkyndet var. Nå tok ein for tromm. Grunne myrrar og djupe, og det

som imellom låg, anten det nå var grunn aurjord eller det var bergskoltar med ei tun skova av torv eller nakne berg. Var skoltane nakne eller det ikkje var såjord nok, køyrde dei torv or myra så det kunne såast til. Men nokon kvar vil skjøna at dette grunnlandet ikkje kunne brukast til åker. Det laut leggjast att med ein gong og leggjast ut til varig eng. Då hadde ein nok betre voner om myra. Vart ho skikkeleg veita, kalka og gjødsla gav ho tolleg god grøda. Flat som ho var høvde ho og godt til maskinland, og det var noko ein måtte setja pris på i ei tid då det fort minka med folkehjelp på gardane. Ein såg nok at ein ofte forrekna seg på veitafråstandet, så veitinga vart ikkje fullgod, og i våtår kom dette ille med. Men litt om senn lærde ein seg til å gjera veitinga ifrå seg slik at ho kom til full nytte.

Dei som var nybegyndarar i myr dyrking hadde jamnast ikkje anna enn ros åt myråkrene sine dei første 10—20 åra. Men seinare kunne det nok koma til å reisa seg nokre tvil, og den myrentusiasmen vi hadde for ein mannsalder sidan, han er det ikkje så mykje att av mellom bønder som hev så mykje som 30 års røynsla i desse greiner.

Korleis kan nå dette ha seg? vil ein spørja. I norsk myrlitteratur, jordbrukslæreboker medrekna, er då entusiasmen like levende som før, og der er ingen ting fortalt om dei vanskar kystbonden hev med si myr dyrking.

Kva er då dette for vanskar? kan ein spørja.

Jau, dei er det lett å peika på. Det er stor skilnad på korleis fastmark og myr artar seg etter dei er dyrka. På fastmarksjord i rimeleg hall kan ein segja at det trengst ikkje meir enn eingong nydyrking. Er slik jord ein gong dyrka og får si årlege vurdsling, kan ho halda seg som dyrka jord i århundrer og årtusen. Gardane kring i Noreg som i Europa elles fortel einfelt og greidt om dette. Myra derimot kverv så umåteleg fort når ho vert turrlagt at det kulturtilstand ein hev arbeidt opp med den første dyrking berre varer ei stutt tid, så må det ei ny dyrking til, som atter berre varer ei stutt tid. Tidsintervalla mellom desse nydyrkingar vert nå sterkt påverka av driftsintensiteten. Det er då ikkje den første nydyrking av myr som er så vanskeleg, men det å halda kulturtilstandet ved like i myra som er det vanskelege. Men dette hev norsk faglitteratur endå ikkje sysla det minste, så vidt eg kjenner til.

Årsakene til myrkvervinga er ikkje så vanskelege å leita fram, dei hev berre ikkje vore nok ansa hittil av fagfolk.

Det er mange av myrane her vest i kystbygdene som endå medan dei er udyrka held på å kverv, om endå på ein litt annan måte enn etter dei vert dyrka.

Ferdast ein utpå ei slik myr i naturtilstandet vil ein sjå at ho er gjennomskori av eit tett nett av vassforer. Dei ligg så tett at myrberket vert oppskore i eit stort tal av mindre tuvor. På toppen av tuvone veks det halvgras eller røsslyng, men forene innimellom er

gjerne frå ein halv til ein heil meter djupe. Plantevoksteren i toppen av tuvone gjeng i hop, så det på fråstand ser ut som myra skulle vera heil. Men gjeng ein utpå er det ikkje lenge før ein gjeng til skrevs ned. I desse vassforene ligg jorda berr, og der verkar frost og regn så det gjeng for seg ei mekanisk smuldring, og fløvatnet tek dette lausvyrkjet med seg ut av myrene. Desse vassforene hev eit lag til å verta djupare og djupare, etter det eg har lagt merke til. Det ser ut til at verlaget nå for tida er i turraste laget til at desse myrene kan halda seg ved lag.

Den fyrste kverving etter nydyrking av våtare myr kjem straks etter ho er veita. Men dette er berre ei skrumping som kjem av at vatnet renn utor. Så tek formoldinga tak når lufta kjem til og kalken får verka. Med vanleg engskiftebruk tek det sjeldan meir enn 30 år, så hev myra kvorve så mykje at myra er for vass-sjuk til å bera åkergrøder. For å få eit mål på kor stor denne kvervinga er, hev eg fått inn oppgåver frå bønder i 33 herad i Hordaland. Etter desse ymsar kvervinga mellom 1 og 4 cm om året. I medeltal kan ein trygt rekna med at kvervinga er kring 2 cm om året når ein driv medelsterkt engskiftebruk. Men då vil myra ha kvorve 60 cm på 30 år. Då nå den vanlege veitadjupn er 1,10 m og djupna av steinsetjinga kring 40 cm, vil plogen nå ned i denne på mindre enn 30 år ofte.

Så vert det då å taka fatt med a n d r e nydyrking. Skal ein då taka opp dei gamle sugeveitane, vert det eit stort arbeid med å pitla opp veitasteinen, difor legg ein gjerne dei nye mellom dei gamle og finn seg heller i å pitla opp det som plogen riv laust. Men så er det avlaupskanalene. Tidlegare var han aldri graven djupare enn nett så vidt det greide seg ved fyrste veiting. Så må han takast djupare. Men slik som lendet er må han då gjerne gravast ein god mun lenger, og då han jamnast gjeng i berg, vert det mykje skjoting. I utkantane av myra er det alltid meir grunnlendt, så skal ein koma seg igjennom bergrygger må der og skjotast. Såleis vert den andre veitinga heller dyrare enn den fyrste, sers om ein tek omsyn til at ein ikkje nå hev veitastein frå brjotinga av aurbakker innimellom, men må skjote steinen av fast fjell og slå han etterpå.

Men dette varer heller ikkje meir enn nye 30 år, så er det på han att med ny veiting. I medan hev myra kring i kantane kvorve så mykje at ein god del ikkje kan gjerast meir med. Ikke sjeldan kjem ein trass skogløysa nå borti skogsmyr, og då vert det andre vanskar. Då får ein rotstuv å kjempa med attåt det andre.

For dei som berre reknar Austlandet med i norsk jordbruk vert det sjeldan ansa at Vestlandet hev 2—3 gonger så høg årsnedburd som Austlandet. Men dette hev sitt å segja og i denne samanheng. Vestlandet får så mykje større mengder av fløvatn. Her i kystbygdene i Hordaland hev vi ikring 30 dagar med så høg nedburd at det kan kallast ei rotbløyta. Røynsla hev lært oss at det er slike sturtbygjar med slagregn som valdar største skaden ved fløvatn.

Ligg jorda open og ufrosi kan slikt slagregn på stutt tid grava djupe forer nedi åkeren, jamvel på myr, og føra lassevis av god åkerjord til fjords. Nå må ein då og hugsa at i desse bygder ligg jorda ufrosi det meste av vinteren. Ei oppteljing av dagar med rotbløyta fortel at tvo tredjeparter eller ikring 20 av desse fell i tidsromet oktober—mars.

I eldre tider, då ein nytta same teigane til åker mannsalder etter mannsalder, torde ein, og venteleg av desse grunnar, ikkje spada eller pløgja åkeren om hausten. All jordarbeiding var lagd til våren for å minka flaumtapet av jord til det minst moglege. Nå etter at det er vorte så mange som hev lese nyare jordbruksbøker, ansar ein minder om dette, men dermed er og flaumtapet av åkerjord vakse ikkje så lite.

Til nærmare fastsetjing av kvervingstapet på myr skal eg leggja fram eit par prov frå landbruksskulegarden her på Stend.

Eit skifte som heiter Konow-myra vart etter at fylket hadde overteke garden fyrste gong veita i 1873. I 1895 var denne myra så blaut at ho måtte veitast om att, og dei gamle drensrøyr låg då 30—60 cm djupt. Tredje gongen vart same teigen veita i 1911—12, og seinare er det og ved eit par høve gjort vølingsarbeid med veitane.

Ein annan myrteig som heiter Kronestykket vart fyrste gongen veita i 1875. Andre gongen i 1907—08 og tredje gongen i 1939—40. Ved kvar ny veiting hev ein funne drensrøyra liggjande i ei djupn på 40—60 cm. I mellomtida er det her kome opp fleire bergskoltar som ikkje var å sjå frå fyrst av. Berre på desse 65 åra ser det ut til at myra langs djupålen hev sige omlag halvannan meter. Og nå er berre halvparten av den opphavelege vidda brukande til åkerjord. Der myrå er på det djupaste er ho endå 2,7 m djup, men dette er berre ei lita dokk, så for det meste er djupna minder og heilt ned til ein alen og mindre.

Då skulestyrar Wilson i 1868 la driftsplanen for skulegarden rekna han med 210 mål «plogreint land», som han kalla det, og denne vidda vart kløyvd i 9 noko så nær jamstore skifte. Av dette er nå i 1940 etter 70 års drift i engskiftebruk knapt 130 mål å rekna for plogland. Dei andre 80 måla er på 70 år vorte så grunne eller så sundslitne i småstykke at dei berre kan høva til varig eng.

Nå er Stend nest prestegarden Fana rikast på morenejord her i Fana og står difor ein god mun betre enn dei 600 andre gardsbruk i bygda. Likevel er altså her åkerlandet minka i hop til mindre enn to tredjeparter i denne stutte tida. Etter 70 nye år vil truleg ei liknande vidd vera ubrukande til åker. Det ein då til slutt får lite på er den gamle åkeren som ligg på israndøyr. Såleis er det røynelege prov så mange ein berre lyster for at dei siste mannsaldrars nydyrking er lite tess, jamført med den eldre åkeren.

Nå er det seinare nydyrka eit hundre mål eller vel så det, men med unnatak av ein myrteig på ikring 15 mål, der myrtorva ligg på

leirgrunn, er alt det andre slik jord som anten ikkje duger til anna enn varig eng eller berre kan brukast som åker ei stutt tid. A driva slike bruk i regelrett engskiftebruk vert for hardkokt, så det kan dei ikkje gjera, dei som skal ljota leva av gardene sine. Ein ser at bøndene trass all agitasjon i motsett leid, meir og meir kjem til det at dei lyt driva med same teigane til åkerland år etter år, liksom i eldre tid, då vidda av det som verkeleg er plogland gjerne ikkje er meir enn 10—20 % av det som er kalla dyrka.

Så vanskeleg som det er om åkerjord, og så små som åkerlappane vert, må ein då avgrensa åkergrødene til det mest naudsynlege: poteter til husbruk, litt førnepe og i sume høve ein grand grønsaker. Korn gjev til vanleg så lita og uviss grøda at det i normale tider ikkje løner seg. Grønsakdyrkingi hev teke seg noko opp. Men dei må drivast med svært sterk gjødsling og kalking. Er det då myråker, får ein maksimal jordkverving. I regnsumrar, som ikkje er så radt sjeldsynte, vert det då eit kav med ugraset som ikkje er til å snakka om. På eit jordkynde som her er grønsakdyrking nærmast ei rovdrift som berre kan haldast gåande når ein kan ta i bruk nydyrka myrteigar etter kvart som dei eldre vert ubrukande. I det heile synest åkerbruk på myrjord i desse trakter å vera både ei oppbrenning og ei utpining av jorda. Myrane innan Nord- og Midthordland er såleis lite høvelege til åkerland. At myrortv kverv når det vert vilkår for formolding, er ein naturleg ting og kan ikkje hindrast, men kanskje heftast. Er myra bra djup og hev djup mineraljord under seg, kan ein halde det gåande med ny veiting ein gong i kvar manns bunad. Men slik er ikkje myrane i Hordaland. Dei er vanleg grunne og kviler som regel beinast på eit ujamt underlag av fjell. Den tida dei kan nyttast som åkerland er då avgrensa. Så lenge kvart bruk hev den største parten av den dyrka jorda si liggjande på fastmarksjord står det endå ikkje på, men nå var det så uheppe at både utskiftningane og bureisinga tok til i ein tidsbolk ein ikkje ansa dei vanskar eg her hev halde fram, og difor er det no innan det omkvervet eg talar om vorte så ymse med fastmarksreserven. Og då vil nokon kvar skjøna at det står ikkje bra til.

Ein annan ting må og nemnast i samanheng med myrane. Det er kjent at mange nokså ukjende beitesjukdomar er vanlege i kystomkvervet. Skortsjukdomar på naut og sau er vanlege, såleis husmannssykja og graskrampe. Utvilsamt hev dette samanheng med mineralskort i foret. Men den auka nydyrking på myr og torvjord gjer at meir og meir av foret vert undermåls. I mange tilfelle hev ein sett det er helsebot for sjuke dyr når dei får høy frå Trøndelag.

Når ein då skal svare på spørsmålet som her ligg føre: Minkar eller veks åkerlandet i kystbygdene? lyt den som vil vera nøktern i si dom segja at ikkje berre i kystbygdene, men eit godt stykke innetter, er det diverre så at åkerlandet helst minkar, trass i stor årleg ny-

dyrking. Ikkje anna enn eg kan skjøna er det lite og inkje av det som er dyrka etter siste århundreskifte som etter tidsens krav kan duga til åkerland. Dertil kjem at mykje av det som no vert bruka som åkerland om ikkje så lang tid må leggjast ut til varig eng. Det er då serleg myr som hev kvorve så mykje at ho vert for grunn til å veita.

Det hev i den siste tid vore mykje tala og skrive om jordavskrapinga i Øygarden. Og visst må ein ansa om dette. Men ein må då ikkje gløyma den jordkverving som fyl av myrdyrkinga. Ho vert i grunnen langt større, og vert så mykje verre med di denne heimsøker eit stor tal bruk som ikkje hev annan levemåte enn jordbruk, medan hovudnæringa for fiskarbøndene alltid vil vera fisket.

Etter beste skjøn kjem ikkje eg til anna enn å åkerlandet i Hordaland framleies er det same som ikring siste århundreskiftet, då vidda av dyrka jord var sett til omlag 100,000 mål. Dei 250,000 mål som seinare er dyrka er slik jord som så å seia berre høver til england.

Alt nå er det tydeleg at jordbruket i desse strok hev vanskelege kår, visstnok vanskelegare enn nokon annan stad i landet. Og serleg vert dei vanskelege om det gjeng slik at desse småkårsbøndene skal stengjast ute frå all fortienesta utanom bruket sitt. Det er ikkje berre skogen som her er i fåresona. Det er ikkje minder tilfelle med den plantedyrking vi driv i jord- og hagebruk.

Det hev vore mykje tala og skrive om dei vanskar det hev vore med å få inn dei avgifter den utvida omsetningslova la på bøndene kring Bergen. Sentralfolk hev vilja hatt det til at det berre var vrangvilje som låg attanom. Held ein det saman med dei opplysningar eg hev lagt fram, vert inntrykket sannare. Så vanskelege som driftsvilkåra i det heile er i desse bygder er det visst sant at denne avgifta er vorti ei bør som held på å klemma mange bønder i kne. Eg for min part ser heller mørkt på framtida for jordbruket i desse bygder. Liksom ein stor part av gardsbruka vart lagt ut som øydegarder i tida etter svartedauen, såleis kan det og mykje vel gå med mange av desse bruka som nå held på å vert åkerlause.

---

## BRENNTORVPRODUKSJONEN I DANMARK I 1940

I siste nummer av Hedeselskabets tidsskrift (nr. 1 for 1941) er gitt en oversikt over produksjonen av brenntorv i 1940. Statistikken omfatter 5396 torvprodusenter som har avgitt oppgaver og 1067 produsenter som ikke har besvart forespørselen om produksjonens størrelse, men hvor en har anslått den skjønnsmessig. Alle disse 6463 produsenter har produsert torv til salg. Dessuten er produksjonen til eget forbruk angitt skjønnsmessig. For hver av disse tre grupper oppgis produksjonen slik: